

Skriv eit eventyr som du skal lese for ein 2. klassing (presentasjonstekst)

Skule:	Trinn:	Elevnummer	Kjønn:	Det første språket du lærte:
5610				

Gnomane og Bomsen

Det var ein gong tre gnomar og ein boms. Dei var veldig gode venner. Ein dag skulle dei ut og ete på ein pizzabar. Dei gjekk bort for å bestille ein stor pizza på deling, men da dei skulle kjøpe drikke var det enorm lang kø. Dei lèt pizzaen stå på bordet mens dei gjekk bort på ein butikk for og kjøpe drikke, men når dei kom tilbake var pizzaen vekke. Problemet var at nokon hadde stelt pizzaen deira, men det var så lang kø. Dei ville ikkje stå så leng i kø for ein ny pizza, så dei stakk heim for og ete brødmatt i steden for.

Neste dag skulle dei på ein hamburgerbar, dei håpte det skulle gå betre på hamburgerbaren. Enn på pizzabaren, då dei gjekk for å bestille skulle dei vere litt smarte, så dei bestilte drikke først. Så gjekk bomsen for å bestille hamburger, mens dei tre gnomane satt og passet på drikka deira. Bomsen fekk tak i mat til dei, da var dei glade, og slapp å ete brødmatt men hamburger i steden for. Dei drog glade heim, og når dei kom heim var dei så trøtte at dei gjekk og la seg.

Når dei låg og sov var det bare prompe lyda heile natta og då tenkte dei kanskje det ikkje var så lurt og ete hamburger for dei fekk jo bare vondt i magen av det, så dei måtte jo springe på do nesten heile natta, Neste dag var dei kjempe trøtte så dei tenkte at det kanskje var like greit og ete brødmatt for det for dei fekk dei ikkje vondt i magen av. Så dei vart bare heime og ete brødmatt i steden for. Då var det ingen som fekk luft i magen om natta. SNIPP SNAPP SNUTE SÅ VAR EVENTYRET UTE !!!!!